

## Vedlegg 1: Epost frå styreleiar i Nordhordlandspakken

**Fra:** Jon Askeland [<mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no>]

**Sendt:** 11. januar 2018 13:04

**Til:** [byutviklingsbyraden@bergen.kommune.no](mailto:byutviklingsbyraden@bergen.kommune.no); Håkon Rasmussen <[Hakon.Rasmussen@hfk.no](mailto:Hakon.Rasmussen@hfk.no)>

**Kopi:** Rune Heradstveit <[Rune.Heradstveit@nordhordland.net](mailto:Rune.Heradstveit@nordhordland.net)>

**Emne:** Avvikling av selskapet as NH-pakken.

Viser til telefonsamtalar med dykk.

Regionrådet Nordhordland drøfta i møte før jul framtida for aksjeselskapet Nordhordlandspakken etter at prosjektet Nordhordlandspakken er vedteke i Stortinget. Prosjektet Nordhordlandspakken skal styrast av eit kontaktutval, og aksjeselskapet får såleis inga rolle i dette.

Vedtektene for aksjeselskapet opnar for at selskapet kan arbeida vidare med å vera pådrivar for td E39 i Åsane og nye vegutbetringar i Nordhordland.

Ny E39 er eit riksvegprosjekt der planarbeidet er avklart, og nye vegsamband i Nordhordland som revisjon av Nordhordlandspakken ligg fram i tid.

Aksjeselskapet sin økonomiske situasjon er så svak at det er naudsynt med årleg driftsbidrag frå eigarane. Aksjeselskapet er eig 40% av Regionrådet, 40% Hordaland fylkeskommune og 20% Bergen kommune.

Regionrådet Nordhordland konkluderte på grunnlag av momenta over med å tilrå at aksjeselskapet vert avvikla, og at den politiske innsatsen for å pressa på dei aktuelle samferdsleutfordringane vert ivareteke i det ordinære politiske arbeidet.

Eg er styreleiar i aksjeselskapet Nordhordlandspakken, og ber derfor om tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om de støttar Regionrådet si tilråding om å avvikla selskapet. Dersom alle tre eigarane tilrår avvikling, vil eg starta prosessen med avvikling etter reglane i aksjelova. Det må veljast eit avviklingsstyre, og det bør kunna gjennomførast ein relativt rask prosess ettersom det ikkje er tilsette i selskapet, og det er heller ikkje andre fordringar som forseinkar prosessen.

Eg set pris på tilbakemelding frå dykk innan 14 dagar på denne meldinga.

Med helsing

Jon Askeland

Ordførar

Radøy kommune

Tlf 47 45 97 20

Tlf 56 34 90 10

[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)

